

Roger Pilskog  
Bente Pilskog  
Engesetveien5  
5226 Nesttun  
Mobil: 920 91 281  
e-post: roger.pilskog@lo.no

Masfjorden kommune

Teknisk Etat  
5981 Masfjordnes

**I samband med søknad om tilbygg på Gnr 6 Bnr 87, Fensfjordvegen 1087, 5986 Hosteland, søker vi dispensasjon, jmf. Plan og Bygningsloven kapittel 19 med forskrifter, og kommunale føresegn til plan og bygningslova.**

Grunngjevnad for dispensasjon: Vi søker dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 §§ 5.2.1, 5.2.2, og 5.2.3 jmf. PBL § 19-2 i høve at bustaden ligg i eit LNF område i kommuneplanen.

#### **Bakgrunn for søknad**

Vi ynskjer å ta bustaden i permanent bruk og flytte til Masfjorden. Ved ei lita utviding av eksisterande bygg på om lag 15 m<sup>2</sup>, vil bustaden ha tilnærma livsløpsstandard. Tilbygget vil saman med ombygging i eksisterande areal gje rom for eit ekstra soverom, romsleg bad og separat vaskerom. Røyropplegg og anna vil her bli oppgradert til dagens standard. I tillegg vert bygget oppgradert med betre isolasjon og nye vindauger/dører.

Ikkje nokon del av tomta på om lag tre mål nyttast til LNF føremål, utanom vanlig opparbeidd hage og noko naturlig vegetasjon med lyng, bjørk og furu. Tilbygget vil bli plassert på eit opparbeidd grusa område, slik at dagens bygg vil bli strekt vel to meter lengre. Det er ikkje behov for korkje sprenging, graving eller andre inngrep i natur for å realisera tilbygget.

Vi kan difor ikkje sjå at det er noka vesentleg ulempe å gje dispensasjon til eit mindre tilbygg, på ein bustad som allereie står der. Tilbygget vil ikkje føra til noko slag av naturinngrep, då tilbygget vert ført opp på ein allereie opparbeidd del av tomta.

Dispensasjon vil gje oss moglegheit å nytta bustaden som heilårsbustad og flytte til Masfjorden. Slik vi forstår det, vil ein dispensasjon ha større føremøn enn ulempa ved å ikkje gje dispensasjon.

Med venleg helsing

  
Roger Pilskog

Bente Pilskog